03-March-2015

Kartverket

LINDÅS KOMMUNE
FELLES POSTMOTTAK KVERNHUSMYRANE 20
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE
Klassering
03. 03. 2015
Ark. saksnr: 14/6339
Løpenr
Saksh.
Tilgangskode

Dykkar ref.: Vår ref.: obaing
Sak/dok.: 8763482/
Dato: 27.02.2015

# Dokumentet har manglar og kan ikkje tinglysast

**Saka gjeld gnr. 172 bnr. 37 i 1263 Lindås kommune**

Vi har vurdert melding til tinglysing (seksjonering) de har sendt inn for tinglysing. Dokumentet har manglar som gjer at vi ikkje kan tinglyse det.

**Kva må til for at dokumentet kan tinglysast?**
Heimelshavaren må samtykkje til tinglysinga i pkt. 7 på begjæring om seksjonering. Dette følgjer av tinglysingslova § 13 første ledd og tinglysingsforskrifta § 4a.

Pkt. 4 er uklart for oss. Vi er derfor usikre på korleis dokumentet skal registrerast i grunnboka. De må formulere dokumentet på ein slik måte at det er klart kva rettsstiftinga gjeld, kva eigedom dokumentet skal tinglysast på, og *kven eller kva for eigedom som er rettshavaren etter dokumentet.* Vi viser til tinglysingslova § 8 og tinglysingsforskrifta § 4.

**De kan fasthalde kravet om tinglysing**
Sender de dokumentet inn på nytt og fastheld kravet om tinglysing utan at de har retta manglane vi har vist til, vil vi registrere dokumentet mellombels i grunnboka den dagen vi mottek kravet. Vi kan deretter nekte å tinglyse dokumentet. Dette følgjer av reglane i tinglysingslova § 7 og § 9.

**Praktisk informasjon**
Vi sender med dette tilbake alle dokumenta. Dersom de legg ved ein kopi av dette brevet når de sender saka inn på nytt, er det lettare for oss å sikre ein effektiv saksflyt.
Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre www.tinglysing.no. Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 08700. Saksbehandlar har telefon 32 11 88 88.

Med helsing
Statens kartverk Tinglysing

Ingunn Stenhaug Obaro
saksbehandlar

LINDÅS KOMMUNE
Geodata

INNKOMMET
JOURNALNR: 8 763 482
26 FEB 2015
STATENS KARTVERK

Kartverket
Tinglysingen
3507 HØNEFOSS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6339 - 15/4424

Saksbehandlar:
Harald Solheim
Harald.Solheim@lindas.kommune.no

Dato:
25.02.2015

# Tinglysing av seksjonering GBNR 172/37 Lurevegen 158 A/B og Lurevegen 160 Hopland

Vedlagt følgjer ovannemde seksjonering til tinglysing.

Med helsing

Harald Solheim
Rådgjevar geodata